



# miljøpartiet dei grøne

vang

Lokalprogram 2015-2019

TENK  
NYTT  
STEM  
GRØNT

mdg.no  
#stemgrønt

## ENKLARE, GRØNARE OG RIKARE KVARDAG

Me ønsker å bidra til ei livskraftig bygd, der optimisme og skaparkraft rår.

- Eit mangfold av kulturtildelning gjer kvardagslivet rikare – me vil stimulere til kreativitet og nyskaping.
- MDG Vang vil arbeide for stor aksept for ulikskap - me har nytte og glede av eit fleirkulturelt bygdesamfunn.
- Me vil bevare og styrke dei sosiale møteplassane, som til dømes grengehusa.
- Me vil jobbe for ei omsorgsteneste som medverkar til ein meir aktiv kvardag for dei eldre.
- Mangfold i skulen gjev betre læring – me vil jobbe for å få agronomi inn som valfag på ungdomsskulen.
- Me vil greie ut mogelegheita for kombinert skule- og fritidstilbod. Dette vil frigjera tid til familielivet framfor unødig køyring og gje alle born same moglegheit til å delta.

## LYS I ALLE GLAS


Me vil skape ei levedyktig bygd på ein berekraftig måte, med rom for å jobbe og rom for å bu!



## TENK NYTT – STEM GRØNT

Den storslårte naturen vår er ein umisteleg ressurs, både for oss vangsgjeldingar og for turistane som kjem hit.

- Me vil arbeide for ei grønare og meir heilskapleg arealforvaltning, ved å ta omsyn til landbruk, kulturlandskap, turisme og naturmangfold.
- Vang kommune skal utarbeide ein miljøplan og bli miljøfyrtaarn-sertifisert.
- Me ynskjer ei auka, bærekraftig utnytting av beiteressursane i kommunen.
- Me vil jobbe for ei modernisering av eksisterande vasskraftverk og reguleringar, framfor utbygging av nye kraftverk.
- MDG Vang har ei restriktiv haldning til motorferdsle i utmark.





Miljøpartiet Dei Grøne Vang  
stiller med fylgjande spreke  
liste til kommunevalet 2015:



1. ERLEND EGGEN



2. MARITA ØSTBORG



3. IDA ØSTVOLD



4. DERK STEGWEE

5. Marianne Isachsen

6. Bjørn Henrik Stavdahl Jøhansen

7. Herbert Mollenhauer

8. Julie Forchammer

9. Åsta Brenna

10. Erik Nimmo



Les meir på [vang.mdg.no](http://vang.mdg.no)



Ta gjerne kontakt med oss på  
[vang@mdg.no](mailto:vang@mdg.no)



Fylg oss på  
[facebook.com/mdgvangivaldres](https://facebook.com/mdgvangivaldres)



## LEVANDE LANDBRUK OG LOKALE RESSURSAR

Vang skal legge til rette for eit  
grønt og moderne landbruk!

- For å skape attraktive miljø for gardsdrift, trengst gode naboskap av driftige bønder.
- I arbeidet med å skape lys i alle glas, vil MDG Vang styrke bu- og driveplikta.
- Me vil arbeide for å auke sjølvforsyningsgraden, både nasjonalt og lokalt.
- Me vil forenkle omsettinga av lokalprodusert mat.
- MDG Vang vil støtte eit landbruk som minskar bruken av kjemiske gjødsels- og sprøytemiddel.
- Me vil ta vare på kulturlandskapet, mellom anna gjennom styrking av utmarksbeite og stølsbruken.
- Me vil jobbe for at kommunen skal ha ei offensiv haldning til tilskott og støtteordningar for bøndene.



## FLEIRE ARBEIDSPLASSAR OG EIT VARIERT NÆRINGSLIV

Me vil gjere det enklare for  
folk å velje Vang!

- I Vang vil det vere stort behov for arbeidskraft innan offentleg sektor dei neste åra. MDG Vang vil utarbeide ein strategi for å møte framtidige behov for arbeidskraft og gjera det enklare for kompetente folk å velje Vang.
- Me vil skape vekst innanfor IKT, kultur-nærunga og det grøne reiselivet ved å utnytte dei naturgjevne ressursane vi har.
- Nisjekommunar treng nisjenæringer! Vi vil løfte fram det særeigne ved Vang og styrke marknadsføringa av eksisterande bedrifter.
- MDG Vang ynsker å styrke og spesifisere oppdraget Innovangsjon har som bygde- og næringsutviklar.
- Me trur Vang beheld flest arbeidsplassar og slik vil vere best rusta for famtida om me held fram som eigen kommune.

